



GK Inneklima AS
Kvassnesvegen 48
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1541 - 17/17271

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
13.06.2017

Løyve til utskifting av ventilasjonsanlegg - gbnr 188/448 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 273/17

Tiltakshavar: Lyngtun Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: GK Inneklima AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til utskifting av ventilasjonsanlegg på tak av kontor- /administrasjonsbygg. Det vert elles vist til søknad motteken 19.05.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikomplett og klar for handsaming 19.05.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova(pbl) §21-7 jf. SAK 10 §7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Tiltaket er i samsvar med bestemmelsene i områdeplanen for Knarvik.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Det er gjeve fritak frå krav om nabovarsling. Tiltaket fører ikkje til endringar på fasader.

Plassering

Nytt ventilasjonsanlegget skal plasserast i eksisterande teknisk rom på tak av bygget.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING



Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak **i eitt-trinn** for utskifting av ventilasjonsanlegg på følgjande vilkår:

Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.05.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1541

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lyngtun Eiendom AS

Kvassnesmyrane 5914
10

ISDALSTØ

Mottakar:

GK Inneklima AS

Kvassnesvegen 48 5914

ISDALSTØ